



Arbeidet med opprydding rundt den havarerte brua ved Dønhaughølen har starta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Flaumskaden ved Dønhaughølen i fjor haust, som mellom anna reiv bort det eine karet på brua, var ein skade for over 600.000 kroner. Men Naturskadefondet vil truleg dekkja 500.000 av dette. Det opplyser grunneigar Magne Huglen til uskedalen.no. Han har no, etter eitt års venting, fått tilsegn om støtte frå fondet. Huglen må altså ut med ein eigenandel på rundt 100.000.



Ved riksvegbrua har det vore murararbeid i gang i det siste. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Men den halve million frå fondet gjeld 'i beste fall'. Så er det store spørsmålet om kalkylane held. Dei endelege summene er sjølvstakt ikkje klare før jobben er gjort, seier Huglen. Han har no så smått byrja med rydding langs elva.

Ho herja stygt både her og der i nedre del av dalen, men skaden ved Dønhaughølen var den alvorligaste. Sjølve brudekket er intakt, men Huglen har ennå ikkje bestemt seg for om dette skal nyttast att eller om det skal støypast ei ny bru.

Reparasjonen gjeld dessutan ikkje berre brua, den omfattar også muring langs elva, planting og gjenoppsetting av ei ridebane.

På den eine sida av elva vil det bli sett opp ein heilt ny, 120 meter lang mur.

- Det var mykje erosjon i botnen av Uskedalselva under flommen og sideplastringane vart undergrave fleire stader, seier Jomar Bergheim i NVE

region vest til uskedalen.no.

NVE gjev råd om utbetringar og skal ha melding når arbeid blir sett i gang. NVE har ikkje gjeve noko til reparasjonane langs Uskedalselva denne gongen, pengane kjem i dette tilfellet frå Naturskadefondet.

Det er allereie gjort store utbetringar langs elva, mellom anna er det støypt ein mur ved riksvegbrua. Men det står også mykje att.

Det er lensmannen som skal ha alle skademeldingane og som også sit med oversikt over utbetalingane, men han er ikkje tilgjengeleg denne veka.

Av Ola Matti Mathisen



Flommen herja stygt langs Uskedalselva i fjor haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)